




Fylkesmannen i Innlandet



Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket

Handlingsplan 2019

Utgitt av Fylkesmannen i Oppland 2019
Fotograf: Stig Horsberg

Handlingsplan 2019 for Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket

Innhald

Rutinar for og samarbeid om forvaltning av verkemidlane	2
Tilskott til årleg drift/skjøtsel og enkelttiltak	2
Kriterium for tilskott til investeringstiltak i Nordherad	3
Informasjonstiltak.....	4
Overslag over omfang og kostnadar av planlagde/aktuelle tiltak	5
Prioritering av arbeidsoppgåver og fordeling av ansvar for oppfølging	7
Føringar/oppgåver frå direktorata	8
Budsjett for dei øyremerkta midlane til området.....	8
Tilhøvet til andre prosjekt som gjeld området	9
Næringsutviklingsarbeid og turisme	9

Rutinar for og samarbeid om forvaltning av verkemidlane

Forvaltninga av Nordherad som utvald kulturlandskap er tufta på forvaltningsplanen for Nordherad som utvald kulturlandskap, revidert i 2016, og samarbeidsavtalen mellom Fylkesmannen i Oppland, Vågå kommune og Nordheradsprosjektet i 2010 der ansvar og oppgåver er fordelte mellom partane.

Fylkesmannen har det overordna ansvaret for koordinering av arbeidet og skal stimulere til og kvalitetssikre tiltak som er viktige for kulturlandskapet og støtte opp om næringsutvikling og profilering av området. Det er Fylkesmannen som har fullmakt til å løyve øyremerka midlar til området til tiltak etter søknad. Fylkesmannen kan og disponere ein del av midlane til å finansiere informasjon, administrasjon, fellesprosjekt og liknande type tiltak.

Etter avtalen skal Nordheradsprosjektet ha eit ansvar for lokal informasjon om arbeidet, oppfølging og rådgjeving av grunneigarar og for å representere grunneigarane andsynes Fylkesmannen. Generell næringsutvikling og organisering av fellestiltak er og ei viktig oppgåve. Nordheradsprosjektet er opent for medlemskap for alle innbuarar i grenda.

Kommunen ved landbrukskontoret for Sel og Vågå deltar i styringsgruppa for prosjektet og har og ei rolle i vegleiingsarbeidet, spesielt når det gjeld næringsutvikling. Dette gjeld både rådgjeving av landbruksføretak og felles næringsutviklingstiltak. Kommunen skal og bidra i vurdering av søknader om tilskott og koordinere bruk av SMIL-midlar med dei øyremerka midlane til utvalde kulturlandskap som Fylkesmannen forvaltar.

Tilskott til årleg drift/skjøtsel og enkelttiltak

Nordheradsprosjektet har ansvar for å utarbeide forslag til skjøtelsplanar for eigedommar i grenda. Desse planane ligg til grunn for at Fylkesmannen lagar drifts- og skjøtelsavtaler med landbruksføretak som driv eigedommane. Landbruksføretak som har drifts- og skjøtelsavtale, må stadfeste i den årlege rapporten til Fylkesmannen at avtalen blir følgt opp neste år. Denne stadfestinga, saman med avtalen, blir då rekna som søknad om årleg tilskott for det neste året. Det årlege tilskottet har ein automatisk rett til så lenge ein oppfyller avtalen og det er sett av midlar på statsbudsjettet. Alle avtalar om årlege tilskott til drift og skjøtsel går ut i 2019. Fram til 2020 vil ordninga med årlege tilskott og korleis desse tilskotta skal fordelast, bli evaluert.

Søknader om tilskott til enkelttiltak skal sendast til Landbrukskontoret for Sel og Vågå, som formidlar dei vidare til Fylkesmannen og eventuelt hjelper til med å supplere søknader som ikkje er fullstendige. Når det gjeld bygningstiltak blir bygningsvernrådgjevaren ved Gudbrandsdalsmusea brukt til å utføre ei tilstandsvurdering og tilrå tiltak som bør gjennomførast. Fylkesmannen drøfter prioritering og finansiering av tiltaka med landbrukskontoret. Prioritering av søknadene og tildeling av tilskott går ut frå dei kriteria som er fastsette for 2019 (sjå eige punkt om dette).

Kriterium for tilskott til investeringstiltak i Nordherad

Tilskott til investeringstiltak i utvalde kulturlandskap blir behandla etter «*forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap*». Tiltak må vera i samsvar med formålet med ordninga og måla i forvaltningsplanen for Nordherad.

Istandsetting og sikring av bygningar og kulturminne

For bygningar blir det gitt tilskott til tiltak for å sikre/reparere bygningskroppen med grunnmur, dører/vindauge. Standardheving/innvendig opprusting fell utanfor, med unntak for driftsbygningar i landbruket, jf. neste punkt. Bygningar med bevaringsverdi må ha ein tiltaksplan som tar antikvariske omsyn.

Ein kan og få tilskott til kulturminne som ein ønskjer å sette i stand, sikre mot forfall eller synleggjera.

I den årlege prioriteringa blir det lagt vekt på m.a. desse kriteria:

- Kor utsett og sjeldan bygningen/kulturminnet er
- Kor representativ og autentisk bygningen/kulturminnet er
- Verdi for dokumentasjon og historieforteljing
- Aktuell bruksverdi i næring
- Føresetnader for ei vellykka restaurering

Andre tiltak

Andre tiltak kan m.a. vera

- Mindre, driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingstilskotta. Dette kan vera t.d. mekanisering og mindre ombyggingstiltak på driftsbygningar
- Oppsetting av gjerde for å kunne ta i bruk innmarksbeite
- Bygg eller anlegg som bidrar til å halde i hevd natur- og kulturverdiar
- Tiltak som legg til rette for ferdsel og oppleving og informasjonstiltak

Det kan og i spesielle høve bli gitt tilskott til planlegging av tiltak.

Tiltaka blir prioriterte ut frå kva effekt dei vil ha for natur- og kulturverdiar, og driftsmessige tiltak som bidrar til å ta vare på miljøverdiar t.d. gjennom beiting har høg prioritet. Det blir og lagt vekt på:

- Heilskaplege miljø
- Allmenn tilgjengelegheit/bruk
- Planlegging i fellesskap og samarbeid om gjennomføring

I kostnadsoverslag for tiltaka blir det for 2019 gått ut frå ein kostnad på 310 kr/time for eige arbeid frå eigar og vaksne medlemmar av huslyden. For dugnad frå andre enn huslyden er satsen 155 kr/time (16 år og eldre) eller 115 kr/time for yngre. For eige arbeid som blir utført med traktor etc. kan det godkjennast ein høgare timesats.

Desse tilskottssatsane er rettleiande for løyving av tilskott:

Kategori med eksempel	Kommentar/eksempel	Tilskottssats
1 «Bustad»: Våninghus, sel med boligstandard	Kan vurdere høgare sats for ekstra kostnader pga. antikvariske omsyn	25-35 %
2 «Tun»: Driftsbygningar og andre bygningar som vil bli brukte i næring, kulturminne i private område	Det kan ev. søkast BU-midlar til innvendige tiltak (sjå òg pkt. 5)	35-50 %
3 «Nærmiljø»: Andre bygningar på/nær gardstunet, tilrettelegging for ferdsel	Stabbur, tørrstugu, smie, rydding av stigar	50-60 %
4 «Landskap»: Tiltak med liten privat nytteverdi, bygningar utanfor gardstunet, kulturminne i fellesområde	Lyu, husmannsplass, uthus på seter, tufter, vassveiter	60-80 %
5 «Drift»: Mindre driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingsmidlane	Driftsbygningar og andre anlegg (mekanisering, mindre ombyggingstiltak)	Opptil 115 000 kroner pr. tiltak, maks. 40 %

Tilskott til rydding/skjøtsel av attgrodd beiteareal blir hovudsakeleg gitt på grunnlag av godkjente skjøtelsplanar. Eit eige søknadsskjema blir sendt dei som har slike avtalar. Det kan likevel bli gitt tilskott til rydding/istandsetting av andre viktige areal enn beitemark sjølv om dei ikkje inngår i ei skjøtelsplan. Bruk søknadsskjemaet for investeringstiltak.

Informasjonstiltak

Nøkkelinformasjon og nyhende blir publisert på eigen temaside på nettstaden til Fylkesmannen i Oppland og www.nordherad.no.

Kvart år blir det delt ut eit informasjonsskriv til alle husstandar med informasjon om tilskottsordninga og andre viktige tema.

Arbeidet med utvalde kulturlandskap blir og tatt opp på årsmøte i Nordheradsprosjektet og eventuelt på eigne temamøte i grenda.

Informasjon blir og formidla gjennom direkte kontakt med grunneigarar ved forskjellige høve, som t.d. tilbod om å få utarbeidd skjøtelsplan.

Det er og ei Facebook-gruppe for Nordherad som kan bli nytta til deling av informasjon og til å ta opp spørsmål. Gruppen blir administrert lokalt.

Overslag over omfang og kostnader av planlagde/aktuelle tiltak

Jordbruksareal og biologisk mangfald

Det er laga drifts- og skjøtselsavtale for 37 av eigedommane med jordbruksareal pr. 1. januar 2019. Desse eigedommane har til saman ca. 2100 daa dyrka mark og ca. 1600 daa innmarksbeite. Samla årleg utbetaling av tilskott til drift og skjøtsel er om lag 250 000 kroner. Det er 25 jordbruksføretak som har avtale, medan 9 føretak som driv jordbruksareal innanfor grenda ikkje har avtale ved det siste årsskiftet.

Det dyrka arealet i grenda blir i all hovudsak hausta med slått eller beite. Når det gjeld innmarksbeite, er om lag 60 % av arealet på eigedommane med skjøtselsplan vurdert som så prega av attgroing eller manglande hevd at dei ikkje får årleg arealtilskott gjennom dei avtalane som er gjort. Totalt må ein rekne med at om lag 1200 daa av arealet som er klassifisert som innmarksbeite i grenda i dag er i svak hevd. Ein del av dette arealet nærmar seg ein skogtilstand med lite kulturpreg og grasvekst og kan stå i fare for å bli omklassifisert til anna markslag.

Av dei jordbruksareala som er kartlagt som viktige for biologisk mangfald, ca. 1100-1200 daa, er rundt rekna halvparten i god hevd og lite prega av attgroing. I tillegg kjem om lag 300 daa anna areal som er registrert som biologisk viktig kulturmark, der det er om lag like stor del som er i god hevd. Dette er eit overslag basert hovudsakeleg på dei eigedommane som har ein skjøtselsplan.

Bygningsmiljø

Status for eldre bygningar på gardane i grenda ser slik ut:

Bygningstype	Totalt tal	Tal på freda bygningar
Utedo	1	1
Kvernhus	5	1
Smie	9	2
Tørrstugu	8	3
Lyu/utløe	6	0
Fjøs/låve	46	1
Tre-delt låve	11	3
To-delt låve	12	0
Stall	16	1
Aurbu/aurbustugu	19	4
Uthus/skåle etc.	3	0
Eldhus	27	3
Stabbur/loft	44	9
Kårhus	24	
Våningshus	56	12
Totalt	286	40

Oversikten baserer seg på at dei fleste bygningsmiljøa på gardane i Nordherad har vorte gjennomgått av bygningsvernrådjevaren ved Gudbrandsdalsmusea (sjå omtale av «Kulturminneplan» nedanfor). For freda hus er det tal frå fredingsgjennomgangen til Oppland fylkeskommune som er vist.

Av dei 55 bygningsmiljøa (gardstun) som er vurderte, er ni gardstun kategoriserte som «freda/fredingsverdige», ti tun har fått «høg verneverdi», 33 har fått «middels verdi» og tre tun er sett med «låg verneverdi». Mange av bygningsmiljøa som har middels eller låg verneverdi som heilskap, har likevel enkeltbygningar med høgare verneverdi.

Det finst og eksempel på andre bygningstypar, som kornbu, drengestugu, «moldhus».

Det er om lag 20 eldre bygningar fordelte på fem setrer på Søre og Nordre Nistingen, av desse er 13 SEFRAK-registrert.

På om lag halvparten av landbrukseigedommane er tilstanden på bygningane vurdert (i hovudsak eigedommar med skjøtselsplan). Her er 22 bygningar sett til tilstandsgrad 2 (mindre skadar) og 15 til tilstandsgrad 3 (alvorleg for primærkonstruksjon). Desse tala er ikkje baserte på ei grundig kartlegging og bør vurderast kritisk. Likevel kan eit svært grovt overslag vera at det totalt i grenda er om lag 40 landbruksbygningar med behov for mindre reparasjonstiltak og om lag 30 bygningar som krev omfattande restaureringstiltak. Då er ikkje dei freda bygningane inkluderte.

Kulturminneforvaltninga har gått gjennom tilstanden til dei freda bygningane, som er fordelte på seks gardstun, for nokre år sidan. Tilstanden på bygningane fordeler seg slik:

Tilstandsgrad 1:	22
Tilstandsgrad 2:	6
Tilstandsgrad 3:	9
Tilstandsgrad 9 (ikkje kjend):	3

Kulturminne og ferdsel

Det er ikkje laga ei fullstendig samanstilling av status for og omfang av kulturminne i grenda, men forvaltningsplanen gir ei generell oppsummering av temaet basert på dei kulturminnerapportane som er utarbeidd. I 2019 vart det slutført eit forprosjekt for formidling av kulturarven i Nordherad (sjå omtale lenger ut i planen). Aktuelle kulturminne for vedlikehald og/eller formidling kan vera t.d. vassvegar/-veiter, gamle vegfar, murar og rydningsrøyser, andre spor av tidlegare jordbruksdrift og tufter/buplassar og skifer- og kleberbrot. Det er registrert fem skålgropfelt, tre gravhaugar, ei ulvegrav og eit jernvinneanlegg.

Det er rydda og merka minst 25 km med turstigar, i stor grad langs gamle råk og ferdsselsvegar. Mange stader er det sett opp enkle informasjonsskilt om lokalhistoriske og andre tilhøve og det er fleire rasteplassar med benkar og bord. Det er tre parkeringsplassar med direkte tilknytning til stignettet og informasjonstavler-/skilt. Utfordringa framover er vedlikehald og eventuelt å få høgare standard på skilt og andre tiltak, meir enn å etablere nye stigar og skilt. Skilting og tilrettelegging for ferdslar er og eit tema for forprosjektet som er nemnt ovanfor. Det er aktuelt å tilby ungdom oppgåver med reparasjonar, rydding og anna enklare vedlikehald.

Driftsretta investeringar

Når det gjeld mindre investeringstiltak i driftsbygningar etc. har det vore stor aktivitet dei siste åra. Grenda har om lag 30 aktive jordbruksføretak, og av desse har 15 fått tilskott til slike tiltak i perioden 2013-2018, mest dei siste to åra.

Det er ein god del yngre par som har overtatt gardar i grenda etter generasjonsskifte/sal dei siste åra, og som ser ut til satse aktivt og framtidsretta på landbruk/husdyrbruk. Tre gardar har deltatt i nettverksgrupper for nyoppstarta med ammeku (+ mentor) i regi av «Fjellandbruksprosjektet» for Sel

og Vågå. Denne trenden er positiv og kan dessutan tenkast å utløse fleire investeringar i driftsapparatet.

Prioritering av arbeidsoppgåver og fordeling av ansvar for oppfølging

Styringsmøte = møte mellom Fylkesmannen, landbrukskontoret, Nordheradsprosjektet og kulturarveininga i fylkeskommunen. Forkortingar: NHP = Nordheradsprosjektet, LSV = landbrukskontoret for Sel og Vågå, FM = Fylkesmannen i Oppland, OFK = Oppland fylkeskommune)

Prioriterte oppgåver:

Tid/frist	Tiltak	Ansvar	Kommunikasjon, kommentarer
Januar	Budsjettforslag til direktorata	FM	
Januar	Møte i styringsgruppa	FM	
Mars	Tildelingsbrev frå direktorata		
Mars	Evalueringsmøte/årsmøte NHP	NHP	
April	Styringsmøte (vedta handlingsplan med tiltak 2019, kriterium for tilskott etc., budsjett)	FM	
April	Annonserer frist og kriterium for søknadar om tilskott, informasjon til grunneigarane	FM + NHP	Informasjonsskriv, nettsider
Mai	Handlingsplan ferdigstilt	FM	Publisere på nettside og Facebook
Mai	Plan for tilrettelegging ved ulvestigen og stort UKL-informasjonsskilt	NHP + FM	Involvere FK tidlig i prosessen. Bruk av profesjonell bistand
Juni	Søknadsfrist 1. juni for investeringstiltak og for rydding/tykning av attgroingsareal	FM	
Juni	Ferdigstille skjøtselsplanar som er under arbeid, tilbod om drifts-/skjøtselstilskott i 2019		
Juni/juli	Første tildeling av midlar til investeringstiltak	FM	
August	Slåttekurs	NHP	Eigen arr.komité. Annonsering i fleire kanalar
August	Oppstart av evaluering av skjøtselsplanar og avtalar	FM	
August/ september	Markdagar	FM	
September	Oppsetting av stort UKL-informasjonsskilt	FM	
September	10-års jubileumsarrangement	NHP	Helga 14.-15.9 med Flåten som base for arrangementet
September- desember	Dialog mellom FM og kommunen om overføring av forvaltningsmyndigheit frå 2020	FM	
Oktober	Prioritering og tildeling av tilskott til resterande investeringstiltak	FM	
November	Rapportering av tiltak til Fylkesmannen		
November/ desember	Styringsmøte (Årsrapport/oppsummering av året, budsjett 2020, aktuelle tiltak i 2020)	FM	
Desember	Utbetaling av tilskott	FM	

Andre oppgaver:

- Utnytting av bakstrommet på Midtli
- Fotografering av gjennomførte tiltak
- Vegleiiing til dei som har planer om eller gjennomfører investeringstiltak
- Vegleiiingssamtalar om utvikling av jordbruksverksemd
- Annan vegleiiing/rådgjeving (t.d. skjøtsel, istandsetting av bygningar)

Føringar/oppgåver frå direktorata

I tildelingsbrevet for 2019 frå Landbruksdirektoratet står m.a. følgjande:

Siden mange nye utvalgte områder fortsatt er i en oppstartsfasen har vi i 2019 gitt en større ramme til etablerte områder. Det kan ikke forventes at bevilgninger vil være på samme høye nivå i årene fremover.

Midler fra satsingen som brukes til finansiering av skilt i områdene forventes utformet i henhold til mal for skilt og bruk av logo. Det arbeides med å oppdatere profilmaler (anm.: 1. halvår 2019).

Stortinget har vedtatt at ansvaret for forvaltningen av tilskudd til Utvalgte kulturlandskap i jordbruket kan overføres til kommunene. ... Regional forvaltning skal fortsatt ha en faglig rolle i satsingen selv om forvaltning av selve tilskuddet overføres til kommunene.

Bildenettsiden for formidling av kart og bilder fra refotograferingen skal ferdigstilles i 2019.

Forvaltninga av tilskottsmidlane blir altså overførte til kommunen i 2020. Ny forskrift som legg til rette for dette skal sendast på høyring våren 2019.

Budsjett for dei øymerka midlane til området

Direktorata har tildelt ei ramme på 1 million kroner til Nordherad i 2019. Inkludert inndratte og overførte midlar er det disponibelt ca. 1,25 millionar kroner til området i år. Budsjettet nedanfor er vedtatt av styringsgruppa 8. april 2019. Det er rettleiande for disponering av årsramma, inkl. inndratte tilskott, men bruken av midlane er avhengig av m.a. kva søknadar som kjem inn.

Budsjett 2019 pr. 8. april 2019, UKL Nordherad	
Lokal administrasjon	50 000
Planlegging o.l.	0
Møter	5 000
Ryddeaksjoner, avfallsinnsamling o.l.	0
Istandsetting/vedlikehold av bygninger	350 000
Driftsmessige tiltak	130 000
Rydding/tynning av gjengroingsareal	250 000
Gjerding	130 000
Årlige tilskudd, drift og skjøtsel	10 000
Evaluering skjøtelsesplaner, ekstern bistand	70 000
Overvåking/dokumentasjon	0

Formidling av kulturarv, prosjekt Ulvestigen	100 000
Stort UKL-informasjonskilt	50 000
Markdagar, slåttekurs etc.	20 000
Jubileumsarrangement	75 000
Erfaringsformidling, studiebesøk o.l.	10 000
Totalsum	1 250 000

Tilhøvet til andre prosjekt som gjeld området

Beitebruksplan: Kommunen har utarbeidd ny beitebruksplan for Sel og Vågå, som m.a. gjeld utmarksbeiteområda til Nordherad beitelag. Beitelaget har vore involvert gjennom direkte dialog med landbrukskontoret. Planen er ein delplan under landbruksplan for Sel og Vågå.

Kulturminneplan: Kommunen har ut frå ei kartlegging og verdivurdering av eldre bygningar/bygningsmiljø i Nordherad utarbeidd ein kulturminneplan for grenda. Planen har rangert heile bygningsmiljøet på gardane i fire verdigradar og viser i tillegg kva gardstun som har enkeltbygningar med høgare verdi enn tunet som heilskap.

Formidling av kulturarven i Nordherad: Nordheradsprosjektet fekk i 2017 tilskott frå Riksantikvaren til eit forprosjekt for heilskapleg formidling av kulturarven. Prosjektarbeidet vart utført av Gudbrandsdalsmusea, i samarbeid med Vågå historielag og bidrag frå Løvehjerte design, og vart slutført i 2018. Prosjektrapporten gir m.a. ein oversikt over all skilting og turstigar i grenda og anbefalar nokre prioriterte tiltak for meir heilskapleg formidling av kulturarven. Nordheradsprosjektet følgjer opp rapporten og har prioritert tiltak langs Ulvestigen fyrst.

Næringsutviklingsarbeid og turisme

- Landbrukskontoret tilbyr personleg vegleiing om utvikling av jordbruksdrift (bruk av ressursane på garden, omlegging av drift, investeringar etc.)
- Nordheradsprosjektet har i 4-5 år hatt eit prosjekt på økologisk solbær dyrking, med kurs og studieturar, og har eit felt med solbærplantar for å prøve ut dyrking i grenda.
- Nordheradsprosjektet har sett i stand eit felles baksterom på grendehuset Midtli. Det kan m.a. vera aktuelt med kurs i tradisjonsbakst.
- Gardane Helle og Valbjør tilbyr overnatting og matservering, i tillegg har Valbjør ein gardsbutikk og driv foredling/sal av matprodukt frå eigne geiter. Uppigard Visdal tilbyr og overnatting.

Satsingen «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket» er en oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Dette er et samarbeid og spleiselag mellom landbruksmyndigheter og miljømyndigheter. Satsingen er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneierne. Les mer på www.landbruksdirektoratet.no.

De første 20 områdene ble valgt ut i 2009. Det blir 45 områder med i satsingen innen 2020. Kartet nedenfor viser hvor områdene ligger.

